

4 uskedelinger i HUBB

08.05.2010



HUBB (Hordaland Ungdoms Brass Band) har hatt siste samlinga si for sesongen og 4 uskedelinger var med: Bjørn Naterstad, Vegard Døssland, Sindre Aksnes og Kaja Døssland.

7 frå Kvinnherad deltok på treffet og det var imponerende ettersom heile korpset talte 42 - i landets desidert beste korpsfylke.

Kaja var eigentleg kalla inn som vikar, men fekk tilbakemelding om at ho kan vera med vidare. Samlinga gjekk føre seg i Ulvik og vart avslutta med ein flott konsert som viste stor musikalsk spennvidde. Dirigenten var denne goingen henta frå Toneheim Folkehøgskule i Hamar - Gunnar Røen.

HUBB har spenstige planar for neste sesong, til dømes deltaking på Brasswind i Bergen.

På biletet av trombonegruppa over er Bjørn Naterstad tredjemann frå høgre.